



Arkivnr: 2014/24775-3

Saksbehandlar: Bård Sandal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016
Fylkestinget		08.03.2016

Det regionale folkevalde nivå; -status for regionreforma og vidare oppfølging

Samandrag

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» vart fylkeskommunane 02.07.2015 inviterte til å innleie prosessar for å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med eitt eller fleire nabofylke. I invitasjonen frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet vart det presisert at eit fleirtal i Kommunal- og forvaltningskomiteen støttar regjeringa sitt framlegg om at det regionale folkevalde nivået skal utviklast gjennom oppgåver og ansvar som styrkar rolla som samfunnsutviklar og tenesteprodusent. Komiteen støttar også at ev. nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået føreset færre fylkeskommunar/regionar av ein viss storleik. Det vart i invitasjonen elles understreka at målet er å sikre ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, samt at innbyggarane i heile landet får likeverdige tenester.

Fylkeskommunane vart i brevet frå KMD oppmoda om å gjere vedtak om strukturendringar seinast hausten 2016. Departementet vil gje støtte til fylkeskommunar som gjer forpliktande vedtak om å greie ut ei samanslåing, og vil vidare gje kompensasjon for nødvendige eingongskostnader som følgje av samanslåinga. Regjeringa legg fram forslag til ny kommune- og regionstruktur for Stortinget våren 2017.

Fylkesrådmannen rår til å utgreie ein samla Vestlandsregion, der vestlandsfylka greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet. Ein slik modell inneber at dagens fylkeskommunar vert erstatta av større regionale einingar. Ei ev. slik utgreiing må ferdigstillast så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslåingar vert gjort i fylkestinga i løpet av hausten 2016.

Statsråden har varsla at ei stortingsmelding knytt til regionalt folkevalgt nivå og fordeling av oppgåver vil bli lagt fram medio 1.april 2016. denne vil gje grunnlag for behandling både i fylka, i Kommunalkomiteen og i Stortinget. Saken om kommune- og regionreform skal slutthandsamast i Stortinget vårsesjonen (juni) 2017.

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget gjev fylkesordførar mynde til å iverksette samtalar/nabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ei intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion. Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utredningsarbeid av moglege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.
2. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kommunal- og moderniseringsdepartementet : "Invitasjon til å delta i reformprosessen" datert 02.07.2015.
- 2 Brev frå Sogn og fjordane fylkeskommune, datert 19.01.2016

Fylkesrådmannen, 15.02.2016

Regionreforma- bakgrunn og prosess

Fylkeskommunane er tenesteproducentar og samfunnsutviklarar. Kjernen i fylkeskommunen sitt ansvar er å ivareta tenesteproduksjonen og skape ei heilskapleg og ønska samfunnsutvikling for lokalmiljø og regionar. Dei ulike områda av landet og ulike fylker har ulike føresetnader, behov, ynskjer og prioriteringar. Det krev ein politikk tilpassa dei lokale og regionale forholda.

Lokal og regional tenesteproduksjon og utvikling krev ein brei tverrsektoriell innsats. Regionalt utviklingsarbeid og tenesteproduksjon handlar om å sjå koplingar mellom ulike sektorar og utvikle strategiar for å fremje den tenesteytinga og den samfunnsutviklinga ein ynskjer i lokalsamfunn og regionar.

For fylkeskommunane inneber det å sjå eigne og andre sine ansvarsområde i samanheng og utvikle sektorovergripande perspektiv og tiltak. Som politisk organ skal fylkeskommunen forme ein heilskapleg politikk for eit geografisk område, noko som og inneber å tilpasse seg og samordne nasjonal politikk til regionale utfordringar.

Sist Fylkestinget i Hordaland hadde sak knytt til det regionale folkevalgte nivå, var 10.mars 2015. Då gjorde Fylkestinget følgjande vedtak i sak PS 9/2015:

Fylkestinget i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 05.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport "Nye folkevalgte regioner - mål, prinsipper og oppgaver" (datert 8. desember 2014), og tilrår at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevald nivå:

1. *I Noreg er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.*
2. *Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåvene/sectorane som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalde nivå styrkjer demokratiet og inneber maktspreiing.*
3. *Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgaver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalde regionar i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.*
4. *Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevald nivå.*
5. *Folkevalde regionar bør få overført oppgaver frå staten til dømes innanfor følgjande område:*
 - a. *Statens vegvesen sitt regionapparat/fylkesavdeling.*
 - b. *Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet*
 - c. *Kjøp av regionale jernbanetenester*
 - d. *Delar av Forskningsrådet sine program*
 - e. *Konsesjonsoppgåver og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regional karakter*
 - f. *Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane*
 - g. *Miljø/klima*
 - h. *Landbruk*
 - i. *Prosjektskjønsmidlar**Mange oppgaver er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samanheng med framtidige endringar i kommunestruktur.*
6. *Staten bør som hovudregel organisere verksemda si slik at den korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som blir etablert.*

7. *Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.*
8. *Alle avklaringar som gjeld det folkevalde regionale nivået må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetnader av juni 2014. Med dette som utgangspunkt, ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert lagt fram våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsippa som ligg i dette vedtaket.*
9. *Prosessene med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalde nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.*
10. *Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet føreset at både fylkeskommunane og KS vert trekte aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal liggje til det regionale folkevalde nivået.*

Kommune- og regionreforma fram til no


Kommunereforma blei handsama i Stortinget i juni 2014. I samband med handsaminga ba eit fleirtal på Stortinget om at det og blei gjennomført ein gjennomgang av oppgåvene til fylkeskommunane parallelt med arbeidet med å gje fleire oppgåver til kommunane.

Frå sommaren 2015 er fylkeskommunane inviterte av Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å innleie nabosamtalar, med sikte på å avklare om det er aktuelt å slå saman nabofylke. Fylka har frist til seinhausten 2016 med å melde attende til departementet kva dei ynskjer. Etter dette vil fylkesgrensene bli vurderte av Stortinget saman med kommunegrensene våren 2017.

Arbeidet med regionreforma er kome ulikt i fylka. I enkelte fylker er arbeidet preget av ei avventande haldning i påvente av meir tydelege føringar frå staten i forhold til framtidige oppgåver. Trøndelagsfylka er kome lengst, gjennom at ei eiga utgreiing og intensjonsplan for samanslåing no er på høyring. Spørsmålet om formell samanslåing skal behandlast av fylkestinga i Trøndelag i april. Både på Austlandet og Sørlandet vert det diskutert ulike alternativ for samanslåing. Medan det i Nord-Norge skjer lite. Både Finnmark og Nordland har f.eks. signalisert at de er store nok til å fortsette som egne fylker/regioner.

Som for kommunereforma er det lagt opp til ein stram framdriftsplan. Ifølge denne skal Stortinget i juni 2016 vedta kva nye oppgåver framtidige regioner skal ha. Etter dette må fylkeskommunane fatte sine vedtak om eventuelle samanslåing i oktober 2016 dersom målsettinga om endelig vedtak i Stortinget om kommune- og regionreforma i juni 2017 skal holde.

Grafisk ser tenkt framdriftsplan slik ut:



Status i forholdet til Hordaland sine nabo fylker

Rogaland fylkeskommune fatta i desember 2015 vedtak knytt til iverksetting av nabopratt, og skal ha sak til fylkestinget i mars 2016 knytt regionreforma og vidare oppfølging.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i desember 2015 å utgreie moglegheita for ein stor Vestlandsregion, bestående av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Med utgangspunkt i dette vedtaket har fylkesordføraren i Sogn og Fjordane 19.01.2016 sendt ei handvending til Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar. Her vert det bl.a. spurt om ein ynskjer å delta i ei felles utgreiing der ein skal sjå nærare på moglegheiter og avgrensingar knytt til etablering av en handlekraftig, folkevalt landsdelsregion (vedlegg). Sogn og Fjordane set som vilkår for ein slik modell at Stortinget gjennomfører ein regionreform der det regionale, folkevalte nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som både er utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor et stort tal innbyggjarar. På Vestlandet har og fylkestinget i Møre og Romsdal fatta vedtak om at dei og i framtida vil være eige fylke, med eksisterande fylkesgrenser.

Status for Vestlandsrådet

Vestlandsrådet blei etablert i 2003 som eit politisk samarbeidsorgan mellom fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Rådet si oppgåve er blant anna å arbeide for å styrke landsdelen og skape gode samhandlingsarenaer på Vestlandet.

Under arbeidet med forrige regionreform for ca 10 år siden sto Vestlandsrådet bak eit utredningsarbeid kalla «Vestlandsregion eller vidare samarbeid». Vestlandsrådets mulige rolle i det komande regionreformarbeidet vil bli vurdert i Vestlandsrådets møte 18.02.2016.

Regionprosjektet i regi av KS

Prosjektet skal blant anna bidra til å koordinere fylkeskommunane sin felles innsats og kontakt med regjering og Storting i regionreformen. Ei viktig oppgåve er å skaffe fagleg dokumentasjon for oppgaveoverføring.

Prosjektet sitt mandat blei godkjent av Fylkesordfører/rådslederkollegiet i november 2015.

Hovedoppgavene vil være:

- Regionane sitt geografiske virkeområde
- Regionane sine oppgaver
- Regionane sine føresetadar/betingingar for å løyse oppgåvene

KS skal kome med ei utredning i februar 2016 om føresetningane for oppgaveoverføring fra regional stat til folkevalgte regioner.

Møte mellom fylkesordfører/rådslederkollegiet og kommunalministeren 12.01.2016

Statsråd Sanner utfordra fylkeskommunane til å være offensive i å definere grunnlaget for større regionar. Sanner var tydeleg på at ny regionstruktur vil innebære at ein kan ta rolla som utviklar, men ikkje som overkommune. Samfunnsutvikling og regional planlegging vil være blant dei viktigste oppgåvene for regionane. Samtidig blei det framheva frå Statsråden at det ikkje vil koma nye oppgåver til dagens fylkeskommunar – nye oppgåver føreset større geografiske regionar.

Oppgaver som vurderes overført til regionalt, folkevalgt nivå

Ved Stortinget si behandling av St.meld. nr. 14 (2014-2015) i juni 2015 var det fleirtal for å vurdere følgande oppgåver overført til eit regionalt, folkevalt nivå:

- Vurdering av fylkesvegar etter forvaltningsreforma frå 2010. Større vegar med sterke næringsinteresser kan vurderast overført til staten som ein del av denne vurderinga.
- Landbruksoppgåver som ikkje er naturleg å legge til kommunane.
- Klima og miljøoppgåver som ikkje er naturleg å legge til kommunane.
- Styrking av dei regionale forskningsfonda.
- Fordeling av relevante prosjektmidlar.
- Oppgåver på integreringsområdet som i dag ligg hos IMDI og som bør flyttas nærare innbyggjarane.
- Ny ansvarsfordeling og finansiering mellom stat, regionar og kommunar på kultur- og kulturminneområdet, herunder ei vurdering av Riksantikvaren si rolle og ansvar.
- Vurdere å avvikle sentral godkjenning av regional planstrategi og overlata bestemmelsen til det regionale sjølvstyret.

Fylkesrådmannen si vurdering.

Status no er at det ikkje er klart korleis det nye kommunekartet for Hordaland vil sjå ut i 2020, og vi veit heller ikkje korleis oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivåa vil bli. Det er derfor vanskeleg å ha klare oppfatningar om korleis eit nytt regionnivå bør organiserast. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil ein reformering av det regionale nivået måtte klart henge saman med tilføring av fleire, nye oppgåvar av vesentlig omfang. Nye oppgåver må i første rekke være knytt opp mot rolla som samfunnsutviklar og tenesteprodusent. I den samanheng er det viktig at regionnivået si rolle som tenesteprodusent ikkje vert svekka ved ein reform. Rolla som tenesteyter skal bygge opp under, og må sjåast i samanheng med rolla som samfunnsutviklar. Eit regionnivå med ei reindyrka rolle som samfunnsutviklar vil ikkje i tilstrekkeleg grad ivareta denne heilskaplege forvaltinga.

Eit folkevalte regionalt leiarskap på tvers av Vestlandet vil sikre ei tydelegare koordinering av, og samordning av, ei stadig meir opp splitta og sektorisert offentleg forvaltning ovanfor kommunar og innbyggjarar. Dette gjev ein politisk meirverdi i forhold til prioriteringseffektivitet, effektiv verkemiddelbruk, og bidra til ei meir effektiv problemløysing der statlege einingar, kommunar, og innbyggjarar er involvert.

Eit folkevalte regionalt leiarskap på Vestlandet vil gjennom samordning bidra til å finne løysingar på viktige og samansette lokale og grenseoverskridande samfunnsutfordringar (klimautfordringar, heilskapleg transport og arealutvikling, samspel mellom by/land, fråfall, studiepreferansar m.v.) For å sikre byane som motor i den regionale samfunnsutviklinga krev det og eit robust og sterkt regionalt folkevalt nivå som har mynde til å kalle staten og lokale aktørar inn til dialog og forpliktande samhandling. For å sikre eit felles utviklingsperspektiv må produksjon og myndigheitsoppgåver på statlig, regionalt og lokalt nivå sjåast i samanheng .

Regionen sin moglegheit for å ta eit regionalt leiarskap avheng av at myndigheiter, oppgåver og ansvar vert overført frå staten til regionane, og at regionane sin størrelse og inndeling vert sett i samanheng med regionane si rolle og framtidig kommuneinndeling.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

Silje Hjemdal (Frp) sette på vegner av Frp, H, V, MGD, SV, KrF, Sp og A fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/nabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av moglege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

2. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.
3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

Forhandlingsutval

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP)

Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF)

Opposisjonen Terje Søviknes (FrP)

Fylkesrådmann Rune Haugsdal

Vara: Sveinung Valle (A)

Vara: Benthe Bondhus (Sp)

Vara: Mona R. Strømme (H)

Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal

Hovudtillitsvald:

Vara:

Politisk styringsgruppe

Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall."

Røysting

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/nabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av moglege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

2. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.
3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

Forhandlingsutval

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP)

Vara: Sveinung Valle (A)

Fylkesvaraordfører Pål Kårbø (KrF)
Opposisjonen Terje Søviknes (FrP)
Fylkesrådmann Rune Haugsdal
Hovudtillitsvald:

Vara: Benthe Bondhus (Sp)
Vara: Mona R. Strømme (H)
Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal
Vara:

Politisk styringsgruppe

Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag:

"Ny 1. setning i forslaget punkt 2:

Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing."

Røysting

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/nabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av moglege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

2. Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteproducent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.
3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

Forhandlingsutval

Fylkesordfører Anne Gine Hestetun (AP)

Fylkesvaraordfører Pål Kårbø (KrF)

Opposisjonen Terje Søviknes (FrP)

Fylkesrådmann Rune Haugsdal

Hovudtillitsvald:

Vara: Sveinung Valle (A)

Vara: Benthe Bondhus (Sp)

Vara: Mona R. Strømme (H)

Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal

Vara:

Politisk styringsgruppe

Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.